



---

MED LOVA I HAND  
MAGNUS LAGABØTES LANDSLOV  
**1274–2024**

Nasjonalbiblioteket i Oslo  
fra 1. februar til 14. september 2024

# 1 **Med lova i hand: Magnus Lagabøtes landslov, 1274–2024**

Magnus Lagabøtes landslov blei innført i Noreg i 1274 av kong Magnus 6., som etter kvart fekk tilnamnet Lagabøte: «lovforbetraren». Som lovgivar viste Magnus 6. seg som ein herskar med stor internasjonal og historisk innverknad. Lova gav kongen makt til å skattlegge, bøtelegge og straffe, men òg til å verne om dei mest utsette i samfunnet. Landslova var ein maktdemonstrasjon.

Historia om Magnus Lagabøtes landslov er òg historia om framveksten av ein norsk stat og identitet, for med Landslova skapte Magnus eit nytt Noreg. Lova var påverka av kristendom, skriftkultur og tankegods frå Europa, og Landslova utgjorde grunnsteinen i det som skulle bli det norske samfunnet slik vi kjenner det i dag.

Landslova var den første lova som gjaldt for heile det norske kongeriket. I mellomalderen fanst det berre tre andre slike riksdekkande lover i Europa. Magnus Lagabøtes landslov var gjeldande lov og rett i Noreg heilt fram til 1687, og ho forma livet til menneska i Noreg i meir enn fire hundre år.

## 1.1 Magnus 6. Lagabøte Håkonsson – var det slik han såg ut?

Steinhovudet her er ein kopi av ein skulptur som heng i Stavanger domkyrkje. Det originale hovudet er den einaste visuelle framstillinga av Magnus Lagabøte som antakeleg stammar frå hans eiga levetid. Det er difor ikkje umogleg at det verkeleg var slik kongen såg ut. Kopien er hoggen på oppdrag frå Nasjonalbiblioteket av steinhoggarane hos Bygghytta ved Nidaros Domkirkes Restaureringsarbeider i høve 750-årsjubileet for Landslova i 2024.

Magnus Lagabøte blei fødd i 1238 i Tønsberg, som son av kong Håkon Håkonsson (som regjerte frå 1217 til 1263) og dronning Margrete Skulesdotter. Magnus hadde ein eldre bror og var derfor ikkje tiltenkt rolla som konge. Men den eldre broren døydde i 1257, og då blei Magnus peikt ut som tronfølgar. Magnus er ein sjeldan skikkelse i den norske kongerekka: ein konge som ikkje førte krig, som løyste konflikhtar med forhandlingar og forlik i staden for vald, og som hadde omtanke for dei fattigaste og svakaste.

## 1.2 **Ca. 800: Vikingtid**

Folk frå det som i dag er Noreg, drog til andre stader i Europa for å plyndre, krige, handle og busette seg.

### **Ca. 1000: Kristendom**

Olav den heilage sin død på Stiklestad i 1030 og den helgendyrkinga av han som følgde, sette fart på kristninga av Noreg.

### **Ca. 1130–ca. 1240: Borgarkrigstid**

Ein periode på over hundre år med konflikt mellom småkongar og krigsherrar om kven som skulle styre Noreg. Familien til Magnus Lagabøte hørde til birkebeinarane, grupperinga som gjekk sigrande ut av krigen.

### **1274: Magnus Lagabøtes landslov**

I 1274 blei Landslova vedtatt på dei store regionale lagtinga i Noreg. I 2024 markerer vi at det er 750 år sidan den første norske lova for alle blei sett i kraft.

### **1349: Svartedauden**

I 1349 kom pesten til Noreg. Av dei omkring 300 000 menneska som budde i landet, døydde rundt ein tredel.

### **1537: Reformasjon og dansketid**

I 1537 blei Noreg ein del av det danske riket. Samtidig innførte den danske kongen reformasjonen i Noreg.

### **1604: Kristian 4.s norske lov**

I 1604 fekk Kristian 4. Landslova omsett frå norrønt til dansk. Samtidig blei det gjort nokre endringar. Dei la til dømes til at kvinner måtte ha ein formyndar, noko dei ikkje trong i mellomalderen.

### **1687: Kristian 5.s norske lov – oppheving av Landslova**

Nokre element frå Landslova, til dømes allmenningsretten og odelsretten, blei førte vidare i nokolunde same form då Kristian 5.s norske lov erstatta Landslova i 1687.

### **1814: Grunnlova**

I 1814 fekk Noreg ei grunnlov. Ho gjeld den dag i dag. Mange av dei sentrale temaa i Grunnlova blei òg omtalte i Landslova, fleire hundre år tidlegare. Til dømes kven som gir lover, og forholdet mellom innbyggjarane og staten.

## 2 Kristendom og skriftkultur – ein føresetnad for ei riksdekkande lov

I Landslova står det: «Det er opphavet til lovene [våre], som er opphavet til alt godt, at vi skal ha og halde den kristne trua.» Då kristendomen kom til Noreg på 1000-talet, blei landet for alvor ein del av den europeiske kulturkrinsen. Noko av det aller viktigaste som følgde med den nye religionen, var det skrivne ordet. Til skilnad frå den gamle norrøne trua, som var ein munnleg tradisjon, var kristendomen ein bokreligion. Han baserte seg på den heilage skrifta, skriven med blekk på pergament.

Å kunne lese og skrive var for dei rikaste i samfunnet, men skrifta forma også livet til vanlege menneske. Gjennom skrifta kunne alle kristne høyre dei same evangelia, oppleve den same liturgien og følge dei same reglane for eit kristent liv. Skriftkulturen har evna til å bevare, standardisere og lage varige normer for menneske. Det er her vi finn føresetnaden for Magnus Lagabøtes landslov.

## 2.1 Ny teknologi, nye moglegheiter

I starten av mellomalderen kom boka og skrifta til Noreg. Det var ny og revolusjonerande teknologi – meir omveltande enn datateknologi og internett har vore i vår eiga tid. Religiøs litteratur frå Europa fann vegen hit og sette sitt preg på livet til både fattig og rik. Skriftbruken til kyrkja førte òg til ein revolusjon av lov og rett. Fram til då hadde lovene vore ein munnleg tradisjon, men no kunne ein skrive dei ned. Slik fekk lovene den skriftlege forma vi reknar som sjølvsagd i dag.

## 2.2 Kristina-psalteret

Då prinsesse Kristina, søstera til Magnus Lagabøte, var på veg til Spania for å gifte seg med prinsen av Castilla, fekk ho denne usedvanleg vakre gåva. I dag kallar vi boka, som inneheld salmar frå Bibelen, for Kristina-psalteret. Boka blei laga i Paris ein gong på 1200-talet, på bestilling frå den franske kongefamilien. Boka er kanskje den vakraste boka som er bevart frå Noreg i mellomalderen.

Castilla var eitt av berre to kongerike i Europa som hadde ei riksdekkande lovbok før Noreg. Det er ikkje utenkeleg at den familiære tilknyttinga Magnus hadde til Castilla, og dermed kjennskapen han

hadde til lovsamlinga i landet, kan ha vore ein viktig inspirasjon for Landslova.

På oppslaget ser vi at Kristus har kome tilbake for å dømme levande og døde på domedag. Her er alle like for Gud, og både kongar og biskopar får domen sin på linje med alle andre. Skildringa av domedag i Bibelen var ein inspirasjon for dei jordiske domstolane, og også Magnus Lagabøtes landslov hadde eit ideal om at alle skulle vere like for lova. Dette er berre eitt døme på korleis kristninga på 1000-talet prega lovboka som blei innført nesten 300 år seinare.

*Kristina-psalteret* (GKS 1606 4°). Opphav: Frankrike, 1200–1250. Eigar: Det Kgl. Bibliotek, Danmark.

## 2.3 To fragment frå tidleg kristen tid i Noreg

### 2.4

Desse to bitane med pergament er verdifulle vitnesbyrd om den tidlegaste historia til kristendomen i Noreg. Dei to fragmenta er frå



900- og 1000-talet og kjem opphavleg frå høvesvis England og dagens Tyskland. Det var dei to områda som hadde aller størst påverknad på den tidlege kyrkja i Noreg.

Det minste fragmentet er frå ei tekstbok med utdrag frå Bibelen, medan det store er frå ei handbok for biskopar. Tekstfragmenta vitnar om korleis menneske i Noreg no var blitt ein del av ein religion som skulle vere den same i heile Europa. Med det blei Noreg òg ein del av eit intellektuelt nettverk som opna for europeisk innverknad på norske lover.

Fragment av lektionarium (Ms.lat.fragm. 9). Opphav: England, 900–950. Eigar: Nasjonalbiblioteket, Noreg.

Fragment av pontifikal (Ms.lat.fragm. 16). Opphav: Tyskland, ca. 1070. Eigar: Nasjonalbiblioteket, Noreg.

## 2.5 To fragment frå tidleg kristen tid i Noreg

Her kan du kjenne korleis det kjendest å bla i bøker i mellomalderen.

I mellomalderen laga ein nemleg bøker av pergament, ikkje av papir. Papir blei ikkje vanleg i Noreg før på slutten av 1600-talet.

Så godt som alle bøkene i denne utstillinga er skrivne på pergament, det vil seie dyrehud som er strekt, skrapa og slipt slik at ho skal bli god å skrive på. Ein kan bruke ulike dyr, men pergamentet som blei brukt i Noreg i mellomalderen, var som oftast laga av kalveskinn. Skinn er veldig haldbart, og det er grunnen til at mykje av det som blei skrive på pergament i mellomalderen, har overlevd heilt fram til vår tid.

Dette pergamentet er ikkje frå mellomalderen, men er eit moderne kalveskinn i tre ulike fasar av prepareringa for å bli eit pergament. Kjenn gjerne på det!

Pergament preparert av Jiří Vnouček som ein del av forskningsprosjektet Beasts to Craft støtta av ERC.

### 3 Gjennomslag for kristendomen

«Vi skal tru alt det som alt kristenfolket og samfunnet av helgenar trur», står det i Landslova. Dette sitatet gjer det tydeleg at banda mellom Landslova og kristendomen var tette. Vanlege folk i Noreg møtte kristendomen først og fremst gjennom liturgien i kyrkjene: rituala som markerte overgangar i livet, sundagar og heilagdagane og forteljingane om Kristus, Maria og helgenane – og livet, bragdene og døden deira.

Musikken og notane som blei brukte i liturgisk song, er eit av dei viktigaste bevarte spora etter kristendomen i Noreg i mellomalderen. Språket i kyrkja var latin, og gjennom det kristne fellesskapet og det latinske språket kunne lærde folk frå Noreg ta del i tankar og idear som blei diskuterte på dei beste skulane og blant dei lysaste hovuda ute i Europa. Slik blei inspirasjonen frå teologar i Paris og juristar i Bologna vesentleg for utforminga av Landslova i 1274.

### **3.1 Musikken knyter landet saman**

Notar og skrift gjorde det mogleg å høyre musikk frå Europa overalt i det norske kongeriket i mellomalderen. Med musikken knytte kyrkja og kristendomen heile landet saman, på tvers av geografiske, sosiale og økonomiske skilnader. Dette fellesskapet var ein føresetnad for at Landslova seinare kunne samle landet under éi lov.

### **3.2 Liturgisk musikk frå Trondenes kyrkje**

### **3.3 og Halsnøy kloster**

Desse to pergamentbitane har begge vore ein del av såkalla antifonarium, det vil seie bøker med notar og songar som skulle framførast i kyrkjelege ritual. Takka vere den italienske munken og musikkteoretikaren Guido frå Arezzo kan vi i dag lytte til musikk slik han blei sunge i Noreg for meir enn 700 år sidan. I mellomalderen byrja nemleg musikknotar å ta den forma som dei framleis har i dag, etter at Guido fann på å plassere notane i eit system med fire linjer for å indikere tonehøgder og intervall.

Begge desse notearka er fragment, altså lausrivne bitar av større manuskript som no har gått tapt. Ein stor del av det som blei skriva i mellomalderen, og som har overlevd fram til vår eiga tid, eksisterer no berre som fragment. For etter at reformasjonen og boktrykkarkunsten kom til Noreg på 1500-talet, mista dei gamle katolske bøkene funksjonen sin. Sidan pergament er slitesterkt blei mange av dei rivne opp, og pergamentet blei brukt som omslag og innbinding i nye bøker. Me finn dei til dømes att i rekneskapsbøker som danske embetsmenn sende til kongen i København.

Det største av desse fragmenta er frå Trondenes i Harstad, som var det administrative sentrumet for kyrkja i Nord-Noreg i mellomalderen. Det minste er frå Halsnøy kloster, som låg sør for Bergen.

Fragment av antifonarium (Ms.lat.fragm. 11). Opphav: Noreg, 1275–1300. Eigar: Nasjonalbiblioteket, Noreg.

Fragment av antifonarium (Ms.lat.fragm. 13.) Opphav: Noreg, 1175–1200. Eigar: Nasjonalbiblioteket, Noreg.

### 3.4 «Rex perpetuus Norvegiae», den evige kongen av Noreg

I det aller første kapittelet i Landslova står det: «Vår herre Jesu Kristi fred og velsigning, vår frue Sankta Marias og den heilage kong Olavs og alle helgenars forbøn vere med alle oss no og alltid.»

Denne typen velsigning frå himmelske makter var viktig for å skape tillit til lova. Olav den heilage, den nasjonale helgenen og «evige kongen» av Noreg, var kanskje den viktigaste av alle helgenane. Notebladet under stadfestar tydeleg denne dyrkinga av St. Olav. I dag hentar ikkje lenger lovene og rettssystemet legitimitet frå gudar og helgenar. Likevel er tillit til dei systema som styrer livet vårt, framleis avgjerande. Korleis skaper ein tillit til lovene og rettssystemet i dag?

### 3.5 Nidaros-antifonariet

#### 3.6

Eit antifonarium er ei bok som inneheld dei delane av den kyrkjelege liturgien som skal framførast som song. Notebladet du ser her, har tilhøyrt Nidaros domkyrkje og er frå rundt 1275, omtrent samtidig som Landslova først blei skriven.

Som den vakre illustrasjonen av St. Olav i venstre marg hintar om, skulle denne songen syngast i samband med festdagen til Olav den heilage, 29. juli. Det var St. Olav som kristna Noreg då han var konge, og han var ein viktig helgen i heile Nord-Europa gjennom mellomalderen. Æksa han held i venstre hand, er det fremste kjennemerket hans. Sjølv den dag i dag er øksa ein del av det norske riksvåpenet.

Dei fysiske leivningane etter helgenkongen blei oppbevarte i Nidaros, og Nidaros var òg sete for erkebiskopen, som etter 1153 var overhovud for kyrkja i Noreg. Derfor blei byen eit sentrum for dyrkinga av Olav den heilage i Noreg og eit viktig pilegrimsmål i Norden.

Her kan du høyre musikken frå Nidaros-antifonariet. Partiet som er utstilt, skulle syngast av munkar natt til 29. juli, som er festdagen til St. Olav. Musikken er ein slags remiks av musikken dei brukte i mellomalderen til å markere viktige europeiske helgenar som St. Dionysius og St. Martin.

*Antiphonarium Nidrosiense* (Ms. Add. 47 fol). Opphav: Noreg, 1250–1275. Eigar: Det Kgl. Bibliotek, Danmark.

Consortium Vocale Oslo Graces & Voices: Spor 9–16 plate 1 frå *Historia Sancti Olavi*, Lawo Classics 2016.

## 4 Kongen og skrifta

Landslova er ei skriven lov, og ho er kongen si lov. For at Landslova skulle vere mogleg, måtte kongen omfamne skrifta.

På 1200-talet ser vi at kongen gjer nett det. Då blomstra det fram ein omfattande litterær produksjon, laga på bestilling frå både Magnus Lagabøte og faren Håkon Håkonsson.

Her kan du sjå nokre av dei mest kjende og mest eksotiske verka frå perioden. Mange blei skrivne i eller rundt regjeringstida til Magnus Lagabøte. Her er kongesoger skrivne på norrønt, som *Heimskringla*, *Soga om Håkon Håkonsson*, *Sverresoga* og *Soga om Olav den heilage*. I tillegg finn vi forteljingar frå andre delar av verda som er omsette til norrønt og tilpassa eit norsk publikum, som *Strengleikar* og *Soga om Barlaam*. Til saman viser bøkene at dei norske kongane kunne bruke skrifta til sin fordel, og at dei let seg inspirere av impulsar utanfrå. Både Landslova og historieforteljinga i sogene var med på å underbygge kongen sin autoritet og rettmessige plass på trona.



#### 4.1 Kongesoga – meir enn historieforteljing

Kva er det som gir dei mektige rett til å bestemme? Magnus Lagabøte såg på seg sjølv som den nyaste kongen i ei rekke som strekte seg tre hundre år tilbake i tid, til Olav den heilage og Harald Hårfagre. Denne lange tradisjonen gav Magnus legitimiteten han trong for å herske over Noreg og for første gong gi riket ei felles lovbok. Å skrive ned historia om Noreg i kongesogene var med på å styrke grepet Magnus Lagabøte og familien hans hadde om makta.

#### 4.2 Heimskringla

Kan *Heimskringla* ha vore med på å styrke posisjonen til Magnus Lagabøte?

Boka blei skriven på Island rundt midten av 1200-talet, kanskje av den islandske hovdingen Snorre Sturlason. *Heimskringla* startar med at Odin og Ynglingane innvandrar til Skandinavia frå det som i dag er Tyrkia, og fortel vidare om rikssamlinga og kristninga. Mest plass og merksemd får Olav den heilage, som leid martyrdøden på Stiklestad og blei landet sin skytshelgen. Det er nettopp soga om St. Olav vi ser på dette bladet.

Magnus Lagabøte og dei andre norske kongane meinte dei høyrde til ei ubroten lenke som gjekk tilbake til helgenkongen. Dette brukte dei aktivt for å understreke si eiga kongelege makt og myndigheit. Desse fragmenta er det einaste som er igjen av denne utgåva av *Heimskringla*, resten brann opp i bybrannen i København i 1728. Faktisk finst det ingen eksemplar av *Heimskringla* i norske samlingar i dag.

*Fragment av Heimskringla* (Isl. perg. 9 fol. II). Opphav: Island, 1300–1325. Eigar: Kungliga biblioteket, Sverige.

### 4.3 Kulturelle tilpassingar

På 1200-talet blei mykje litteratur omsett til norrønt frå europeiske språk. Det var særleg far til Magnus, Håkon Håkonsson, som bestilte desse omsettingane. Slik var han med på å knyte Noreg tettare til kontinentet. Omsettingane fekk ikkje berre ny språkdrakt, dei blei òg tilpassa eit norsk publikum i form og innhald. Slik blei også Landslova utforma. Reglar frå europeisk teologi og juss, anten dei dreidde seg om fattigdom, bevis eller rettferdige domar, blei tilpassa norske forhold.

#### 4.4 Soga om Håkon Håkonsson og Sverresoga

*Heimskringla* er den mest kjende av dei norske kongesogene, men på 1200-talet blei det skrive mange soger om dei norske kongane. Kongesogene opna opp for innblikk i livet og virket til kongen – men det var eit nøye redigert innblikk. Magnus Lagabøte engasjerte den islandske hovdingen og historikaren Sturla Tordsson til å skrive ei soge om faren, Håkon Håkonsson, og det er starten på den soga vi ser på dette oppslaget. Soga om far til Magnus legg stor vekt på å fortelje korleis Håkon kjempa mot sine politiske motstandarar og sikra familien sin plass på den norske trona. Magnus sjølv kunne sitte trygt fordi konkurrentane var rydda av vegen. Denne historia viser at Magnus Lagabøte visste å utnytte skrifta, ikkje berre til å samle landet under éi lov, men òg til å marknadsføre sitt eige dynasti.

*Soga om Håkon Håkonsson og Sverresoga* (Isl Perg. 8 fol.).

Opphav: Island, 1340–1370. Eigar: Kungliga biblioteket, Sverige.

## 4.5 Strengleikar

*Strengleikar* er ei samling små forteljingar som er omsette frå fransk til norrønt. Verket er eit av mange døme på europeisk hofflitteratur som blei omsett etter ønske frå kong Håkon Håkonsson, far til Magnus Lagabøte. Denne kopien blei skriven i Bergen rundt 1270, midt i regjeringstida til Magnus. Kanskje har Magnus sjølv kjent til akkurat denne boka? Forteljingane i *Strengleikar* blei opphavleg skrivne av Marie de France, som levde og verka i England på slutten av 1100-talet. Marie var ein av få diktarar frå mellomalderen som signerte arbeidet sitt, og ho er eit tidleg døme på ein kvinneleg forfattar.

*Strengleikar* (De la Gardie 4-7). Opphav: Noreg, ca. 1270.  
Eigar: Uppsala universitetsbibliotek, Sverige.

## 4.6 Ingrediensar i ein norsk identitet

Lover seier noko om verdiane i eit samfunn. Og verdiane i eit samfunn er tett knytte til samfunnet sin identitet. Vi kan derfor seie at Landslova utan tvil har vore definerande for den norske identiteten. Sjølvforståing og identitet bygger òg på forteljingar om kvar ein kjem frå, slik som saga om kongen og

martyren Olav den heilage, som fekk æra for å ha kristna landet. Både Landslova og Olav blei viktige ingrediensar i identiteten og sjølvforståinga til nordmenn i mellomalderen, og dei to var nært knytte saman i medvitnet til folk. I hundreåra etter at Landslova blei vedtatt, blei ho ofte kalla St. Olavs lov.

#### **4.7 Landslov og soge hand i hand**

Ikkje berre blei Landslova ofte kalla St. Olavs lov; i denne boka er Landslova og St. Olav direkte knytt saman. Først i bindet finn vi ei soge om Olav den heilage, og etter soga står Magnus Lagabøtes landslov. Soga er skriven på midten av 1200-talet, medan lova er skriven på starten av 1300-talet. I utgangspunktet har dei to tekstane stått i ulike bøker, men dei har blitt bundne inn i same bok av ein seinare eigar. At nettopp desse to tekstane stod ved sida av kvarandre, er ikkje tilfeldig: I tillegg til å vere ein av dei største figurane i sogelitteraturen var St. Olav ei viktig kjelde til legitimitet i lovbøkene.

Velsigninga til Olav blir faktisk påkalla direkte både i starten og slutten av Landslova. I epilogen står det: «Velsigning og omsorg frå [...] den heilage kong Olav vere med oss no og alltid.»

Landslova og *Den legendariske Olavssoga* (De la Gardie 8).

Opphav: Noreg, 1300–1350 (Landslova) og ca. 1250 (Olavssoga).

## 4.8 Komposittmanuskript

I denne videoen kan du sjå korleis ei bok frå mellomalderen kunne samle tekstar med ulikt innhald, ofte skrivne på ulike tidspunkt.

Bøker frå mellomalderen inneheld nesten aldri berre eitt verk. I staden kan ein sjå på dei som små bibliotek som inneheld mange ulike tekstar. Fordi ein ikkje kunne masseprodusere bøker før trykkekunsten, laga ein dei på bestilling. Dermed kunne ein tilpasse innhaldet etter interessene og smaken til eigaren. Ofte er det ein tematisk amanheng mellom tekstane i eit manuskript – til dømes er det vanleg med manuskript som berre inneheld lovtekstar. Men det er heller ikkje uvanleg at ulike tekstsjangrar er bundne saman.

## 4.9 Kioskromanane i mellomalderen

Noreg er eit lite land, og verda er stor. Sånn var det òg i mellomalderen. Historier og førestillingar om den store verda utanfor inspirerte framveksten av litteratur i Noreg. Vi kan kalle det kioskromanane i mellomalderen: populære og eventyrlege forteljingar om heltar og skurkar i fjerne land.

## 4.10 Soga om Didrik av Bern

*Soga om Didrik av Bern* blei sannsynlegvis skriven i Bergen rundt 1250 og i forordet kan vi lese at historia er basert på «forteljingar frå tyske menn». Bergen var det store handelssentrumet i Noreg i mellomalderen, og byen var full av tyske kjøpmenn med gode historier på lager. På den oppslåtte sida i *Soga om Didrik av Bern* blir vi introduserte for kong Melias og familien hans. Ein seinare lesar har openbert hatt problem med å halde styr på persongalleriet, og har derfor notert seg dei viktigaste karakterane og relasjonane mellom dei i marginen. Slike margnotisar er vanlege i bøker frå mellomalderen, og dei kan fortelje oss mykje om korleis ei bok har blitt lesen.

*Soga om Didrik av Bern* (Isl. perg. 6 fol.). Opphav: Noreg, 1250–1300. Eigar: Kungliga biblioteket, Sverige. Eigar: Uppsala universitetsbibliotek, Sverige.

#### 4.11 **Soga om Barlaam**

*Soga om Barlaam* er noko av det mest eksotiske som blei skriva i Noreg i mellomalderen. Soga er ei norrøn omsetting av ein latinsk tekst, som i sin tur er ei omsetting av ei gresk forteljing som tar utgangspunkt i ei buddhistisk legende. Soga fortel om den kristne munken Barlaam, som gjennom ei rekke intellektuelle samtalar klarer å overtyde den indiske prinsen Josafats om å la seg omvende til kristendomen. Då Josafats seinare blir konge, omvender han også riket sitt til den kristne trua. Handlinga i *Soga om Barlaam* har lite med verkelegheita å gjere, men takka vere dei tydelege referansane til ulike stader rundt om i verda er ho eit av dei mest slåande døma vi har på dei kulturelle banda mellom Noreg, Europa og verda i mellomalderen.

*Soga om Barlaam* (Isl. perg. 4 fol.). Opphav: Noreg, ca. 1250. Eigar: Kungliga biblioteket, Sverige.



## 5 Lov før Landslova

Før Landslova blei vedtatt i 1274, var det ulike lover i ulike delar av Noreg.

Kvart lovområde hadde sitt eige ting – ei forsamling personar med eigedom som møttest kvart år for å løyse konflikter seg imellom. På den måten kom dei gradvis fram til korleis lova skulle sjå ut. Noreg hadde fire slike tingdistrikt med eigne lovbøker: Gulating, Frostating, Eidsivating og Borgarting. Du kjenner dei kanskje igjen som namn på nokre av dagens lagmannsrettar?

I desse gamle lovbøkene er det spor av reglar som strekker seg heilt tilbake til vikingtida, men det er berre små brotstykker. I det store og heile finn vi nemleg også her sterk påverknad frå både kristendomen og europeisk tankegodt. Det som verkeleg skil dei gamle lovene frå Landslova, er kor viktig tinget var som sentralt lovgivande organ. I dei gamle lovene var det tinget som i fellesskap skapte lova – i Landslova var det blitt oppgåva til kongen.

## 5.1 Tingdistrikt

Før Landslova hadde dei gamle lagtinga – Frostating, Gulating, Eidsivating og Borgarting – sine egne lovbøker. Lovene ein skulle følge, varierte altså med kvar i landet ein var. Med innføringa av Landslova i 1274 fekk alle tingdistrikta den same lova, og lagtinga slutta å utforme lover for sitt lagdøme. Men dei heldt fram med å fungere som samlingsplass, domstol og politisk organ, heilt fram til 1500-talet.

## 5.2 Dømd av likemenn

Sidan før mellomalderen har vanlege menneske vore med og bestemt innan lov og rett. I mellomalderen var det rett nok berre personar med eigedom som kunne møte på tinget og vere med og gjere vedtak og avgjere konflikter. At dei tok del i lov og rett, var ein føresetnad for at systemet skulle fungere, både før og etter at Landslova blei sett i kraft i 1274. Også i dag har vanlege folk ei viktig rolle å spele i rettssystemet – og i dag treng du eigedom. Meddomarar som er valde ut frå befolkninga, dømmer saman med fagdomarar i tingretten og lagmannsretten. Både i mellomalderen og i dag skal vi altså dømast av likemenn.

### 5.3 Kristenretten i Gulatingslova

Også før Landslova var kristendomen ein viktig del av lovene. Det vi kallar kristenrettane, var reglar som fanst i alle dei norske lovbøkene i mellomalderen. Dei fortalde korleis vanlege menneske kunne leve kristne liv. Her var det reglar for fødsjar, ekteskap, gravferder, heilag dagar og faste. Fragmentet som er vist her, inneheld to reglar. Den første forbyr ofringar til heidenske gudar og troll, medan den andre forbyr menneske å ha seksuell omgang med dyr.

Fragment av kristenretten i den eldre Gulatingslova. Opphav: Noreg, 1200–1250. Eigar: Arkivverket, Noreg.

### 5.4 Gulatingslova

Av dei gamle lovbøkene som gjaldt i Noreg før Landslova blei innført i 1274, er dette den einaste som fullt ut har overlevd. Det er eit eksemplar av den eldre Gulatingslova, som gjaldt langs kysten frå Agder til Sunnmøre, og i Setesdal, Hallingdal og Valdres. Nokre av reglane frå desse gamle lovbøkene blei tatt med vidare inn i Landslova, eller brukte som utgangspunkt for nye reglar.

Gulatingsslova var den av dei gamle lovbøkene som i størst grad blei ført vidare i Landslova.

Gulatingsslova (E Don Var 137 4°). Opphav: Noreg, ca. 1250.  
Eigar: Det Kgl. Bibliotek, Danmark.

## 5.5 Arkeologien i lovboka

Gulatingsslova blei til gradvis, gjennom lag på lag med endringar, i motsetnad til Landslova, som blei utforma som éi heilskapleg lov.

Kristenretten i Gulatingsslova har to slike lag. Det eldste er dei gamle reglane som gjerne blir knytte til Olav den heilages første kristne lov, frå 1024. Det nyaste er kristenretten som blei vedtatt under kong Magnus 5. Erlingsson på midten av 1100-talet. I dette fragmentet har skrivaren markert med raude bokstavar kva delar av lova som blei innført av kong Olav (Ol), kva delar som blei lagde til av kong Magnus (M), og kva reglar dei to var einige om (bað – som betyr begge). Generelt er kristenretten til Magnus strengare enn den til Olav. På fragmentet i montereren ser vi at Magnus innfører eit strengare beviskrav i saker der nokon er skulda for seksuell omgang med dyr.

## 5.6 Tinget

Tinget var delt i to. I midten sat lagrettemennene, som var peikte ut som domarar, og som hadde svore ein høgtideleg eid på at dei skulle døme i tråd med lov, rett og kristen tru. Lagrettemennene var skilde frå resten av tinget med eit heilagt band, som ikkje skulle kryssast utan veldig god grunn. På den andre sida av bandet stod resten av tinget, som bringa saker til lagrettemennene og skulle godkjenne domane som blei avsagde. Ifølge Landslova skulle det vere 36 lagrettemenn innanfor bandet.

Illustrasjon: Dag Frognes, 2011.

## 6 Landslova

Landslova har to ansikt. På den eine sida er lova ei vidareføring av gamal lov og sedvane. Ein stor del av Landslova er tatt direkte frå dei gamle lovbøkene, eller er tilpassa frå desse. På den andre sida representerer Landslova fullbyrdinga av gjennombrøtet til den kristne, europeiske kulturen i Noreg. All form for hemn blei forbode. Dei fattige blei verna av lova. Lærde prinsipp for bevisføring og rettferdig domfelling – utvikla på universitet ute i Europa – gjorde sitt inntog i norsk rett.

Dei to ansikta til landslova kjem òg til uttrykk i måten ho blir presentert på i dei mange bevarte manuskripta: Nokre gonger blir ho referert til som noko opphøgd og høgtideleg, andre gonger dannar ho ei praktisk ramme for dagleglivet. Kanskje er det nettopp i denne todelinga – bevaringa av gammal rettspraksis og innføringa av nytt tankegods – at triumfen til Landslova ligg.

Landslova finst i 39 fullstendige manuskript frå mellomalderen som har overlevd heilt fram til vår tid. Landslova var ein bestseljar i mellomalderen.

## 6.1 Fargar i mellomaldermanuskript

Dei mest forseggjorde og påkosta manuskripta frå mellomalderen hadde rike utsmykkingar med fargesterke pigment og polert bladgull, også kalla illuminasjonar. Fargane kom frå planter, bergartar, insekt og havblautdyr. Det kanskje mest kjende pigmentet av alle blei avleidd frå bergarten lapis lazuli, sannsynlegvis transportert via Silkevegen frå fjella nord i Afghanistan. Den djupe og intense blåfargen dukka først opp i europeiske manuskript på slutten av 900-talet og var meir kostbar enn gull. For å gjere pigment om til måling blanda ein finmale råmateriale med eit bindemiddel, vanlegvis eggekvite eller eggeplomme. Mange skriftlærde og kunstnarar i mellomalderen var munkar. Dei arbeidde i ei rekke medium, men det er illuminasjonane deira i bøker som i stor grad har overlevd, og som gir oss eit glimt inn i den store kunstnarskapen i mellomalderen.

## 6.2 Dei ni bolokane i Landslova:

Papirsøylene som omkransar dei tre landslovmanuskripta i utstillinga, representerer dei ni tematiske bolokane i Landslova:

*Tingferdsbolken* handlar om tinget: korleis det skal fungere, kven som skal vere der, og korleis dei skal kome seg dit.

*Kristendomsbolken* forklarar den kristne trua og inneheld i tillegg tronfølgelova og truskapseidane som skal sverjast når kongen stig opp på trona.

*Landvernsbolken* handlar om leidangsflåten, som var krigsflåten bøndene og bymennene i Noreg måtte avtjene militærteneste i.

*Mannhelgbolken* handlar om brotsverk som krenker personar: drap, vald og ærekrenkingar.

*Arvebolken* regulerer arveretten, men inneheld òg reglar for giftarmål.

*Odelsbolken* regulerer odelsjord og korleis ho kan krevjast tilbake om ho blir seld ut av slekta.



*Landsleigebolken* regulerer utleige av gardar og jord, i tillegg til ei lang rekke forhold ved livet på landsbygda, som korleis ein skulle ta vare på dei fattigaste.

*Kjøpebolken* regulerer kontraktsinngåing, inkludert kjøp, sal og gjeld.

*Tjuvebolken* regulerer tjuveri og fortel i tillegg korleis eidar skal sverjast for å løyse saker som er vanskelege å bevise.

### 6.3 **Codex Hardenbergianus**

Dette er den flottaste, dyraste og rikast illustrerte mellomalderboka som inneheld Landslova. Her framstår lova i all si opphøgde prakt. På den oppslåtte sida ser vi byrjinga, der kong Magnus fortel kvifor og korleis lova har blitt til. Illustrasjonen viser kongen som sit på trona og overrekker lova til undersåttane sine.

Dette er ein tydeleg illustrasjon på den grunnleggande samfunnsendinga Landslova representerte: Kongen hadde erstatta tinget som lovgivar.

Lova var ikkje lenger det tinget hadde kome fram til i fellesskap. No var lova det kongen bestemde. Med det samla Magnus Lagabøte alle undersåttane sine i eitt fellesskap – og på toppen trona han som konge. Under kongen ser vi udyret, som representerer kaoset som blir halde i sjakk av at kongen gir rettferdige lover. Bilda i *Codex Hardenbergianus* er klart inspirerte av religiøs kunst og kan derfor stå som eit symbol på gjennombrøtet til den kristne, europeiske kulturen i norsk lov og rett. Boka tar namnet sitt frå Helvig Hardenberg (1540–1599), ei dansk adelskvinne som kjøpte boka og tok ho med seg tilbake til Danmark.

*Codex Hardenbergianus* (GKS 1154 fol.). Opphav: Noreg, 1300–1350. Eigar: Det Kgl. Bibliotek, Danmark.

## 6.4 Codex Reenhielmianus

«Kong Magnus, son av kong Håkon, sender Guds og si helsing til den vørdelege herre Jon erkebiskop, og til alle Guds og sine vener.» På dette oppslaget ser vi innleiinga til Landslova, der Magnus helsar undersåttane sine. Det finst berre to bevarte manuskript av Landslova som har illustrasjonar: *Codex Reenhielmianus* og *Codex Hardenbergianus*. Illustrasjonane i *Reenhielmianus* er mykje enklare og mindre påkosta, men dei liknar meir på teikningane vi finn i lovbøker i andre delar av Europa. I bokstaven M, som markerer starten på ordet Magnus, er kongen teikna inn saman med dronninga si, Ingeborg. Magnus og Ingeborg blei krona i Håkonshallen i Bergen i 1261, og både kronene deira og hendene som er heva, som for å avlegge eit løfte om å handheve St. Olavs lov og rett for alle i Noreg, kan vere referansar til nettopp denne kroninga. Som seg hør og bør er kongen framstilt med lova i hand.

I likskap med *Codex Hardenbergianus* har ikkje *Codex Reenhielmianus* vore i dagleg bruk. Faktisk ser ho nesten ikkje ut til å ha blitt brukt i det heile tatt.

Boka var nok ein luksusgjenstand som demonstrerte rikdom og makt. Namnet har boka frå sin tidlegare eigar, den svenske samlaren og riksantikvaren Jacob Reenhielm (1644–1691).

*Codex Reenhielmianus* (LundUB Mh. 15 fol.). Opphav: Noreg, 1300–1325. Eigar: Lund universitetsbibliotek, Sverige.

## 6.5 **Codex Tunsbergensis**

Her er ein versjon av Landslova som har vore i bruk som praktisk verktøy. Denne boka er truleg skriven av Guttorm Kolbjørnsson, som var lagmann i Tønsberg på starten av 1300-talet. Ein lagmann var representanten til kongen og fungerte delvis som rettslærd rådgivar for partane i ei sak, og delvis som domaren til kongen. Boka inneheld alt det ein lagmann i Tønsberg trong, og Landslova er sjølv sagt det viktigaste.

I denne boka finn vi tallause notisar i margen, skrivne av Guttorm sjølv og dei mange lagmennene som følgde etter han. Notisane kunne forklare vanskelege passasjar og hjelpe lesaren å finne fram.

Desse notisane strekker seg over fleire hundre år, og dei gir oss ei spennande innsikt i korleis ei mellomalderbok blei brukt, tilpassa og brukt om igjen. På dette oppslaget, ved sida av ein regel om kva som skjer viss ein arvar gjeld etter eit drapsoffer, har ein lagmann frå 1500-talet skrive: «Dronning Margrethe var ueinig.»

*Codex Tunsbergensis* (NKS 1642 4°). Opphav: Noreg, ca. 1325.  
Eigar: Det Kgl. Bibliotek, Danmark.

## 7 Arva etter Magnus Lagabøte

Det var ikkje berre i Landslova den europeiske påverknaden gjorde seg gjeldande. Magnus Lagabøte er sjølv eit døme på korleis kulturelle impulsar frå Europa påverka menneske og tenkemåtar i Noreg. Kong Magnus fekk i løpet av livet eit nært forhold til den fransiskanske munkeordenen, som var grunnlagd av italienaren Frans av Assisi. Ordenen meinte at ein kunne imitere Kristus og kome nærare Gud gjennom eit liv i fattigdom. Desse tankane må ha gjort inntrykk på Magnus. Landslova viser omtanke for dei fattige, og gir dei mellom anna lov til å stele mat dersom dei ikkje er i stand til å arbeide til livsopphaldet. Som konge gav Magnus Lagabøte òg store verdiar i gåver til hospital, som i mellomalderen ikkje berre hadde ansvaret for å ta vare på dei sjuke, men òg dei fattige. Fleire slike hospital blei oppretta på Magnus sitt initiativ, og då han døydde i 1280, testamenterte han ein stor del av riket sine inntekter det året til dei fattige.

## 7.1 Spor etter Magnus

«No må det seiast, at dersom den som ikkje får seg arbeid til forsørging, stel mat, og såleis bergar livet frå svolt, då er den stelinga på ingen måte verd straff.»

Nokre av reglane i Landslova var svært radikale for si tid – dei er til og med radikale i våre dagar. Det er ikkje umogleg at radikalismen kan sporast tilbake til Magnus Lagabøte sjølv.

Fleire hundre år etter at han døydde, har vi framleis spor etter kongen: seglet hans, testamentet hans og kvitteringa for ei gåve til dei fattige.

## 7.2 Seglet til Magnus Lagabøte

Seglet var logoen og underskrifta til Magnus Lagabøte. Seglet til kongen er ei stadfesting på at det som står i brevet, stemmer og er velsigna av kongen. Det gav òg Magnus høve til å framstille seg som like rik og mektig som andre kongar i Europa. Seglet liknar derfor på andre kongelege segl frå denne perioden.

Framsida av seglet er raud, med kong Magnus i all sin majestet sittande på ei trone. Baksida er grøn og prega med ein riddar i rustning på hest, med skjold og sverd i hendene.

Brev med seglet til Magnus Lagabøte. Opphav: Noreg, 1265.  
Eigar: Arkivverket, Noreg.

### 7.3 Testamentet til Magnus Lagabøte

Testamentet til kong Magnus Lagabøte gjekk tapt i bybrannen i København i 1728. Heldigvis var det også trykt i denne vesle pamfletten. I testamentet avser kongen jord til kyrkjelege institusjonar, og han set av pengar til kjøp av korn og kyr til dei aller fattigaste menneska rundt om i landet. Her finn vi òg det tydelegaste teiknet på kjærleiken Magnus Lagabøte hadde for det fransiskanske: Han ville gravleggast i klosterkyrkja til fransiskanarane – som i dag er Bergen domkyrkje.

Testamentet til Magnus Lagabøte. Publisert: Danmark, 1719.  
Eigar: Nasjonalbiblioteket, Noreg.



## 7.4 Ei gåve til dei fattige

I mellomalderen var det hospitalet som tok vare på dei fattige i samfunnet. For å kunne gjere det trong dei pengar, og inntektene deira kom i stor grad frå jordeigedomar som dei hadde fått i gåve frå rike donorar.

I dette eigedomsregisteret er det registrert ei stor gåve frå Magnus Lagabøte til St. Stefans og St. Georgs hospital i Tønsberg. Kanskje som ei slags påminning om kva dokumentet handlar om, har skrivaren teikna St. Georg drakedreparen i toppen av registeret. Legenda fortel at Georg fekk stor rikdom i lønn for å drepe draken, og at han gav denne rikdommen vidare til dei fattige.

Eigedomsregister til hospitalet i Tønsberg. Opphav: Noreg, 1409. Eigar: Arkivverket, Noreg.

## 7.5 Segl

Seglet var signaturen i mellomalderen – beviset på at eit dokument var gyldig og ekte. Til liks med signaturen var seglet personleg – slik seglet til Magnus Lagabøte er eit døme på – men også institusjonar, lokalsamfunn og byar kunne ha eigne segl.

Segla i mellomalderen var gjerne laga i bivoks, som blei smelta før ein trykte ein seglstamp nedi for å gi seglet eit personleg preg. Dei største og mest forseggjorde segla tilhørde høgtstående enkeltpersonar eller viktige institusjonar, men det var ikkje uvanleg at bønder og byborgarar hadde mindre og enklare segl.

## 7.6 Det personlege er politisk

Banda Magnus Lagabøte hadde til Europa, var ikkje berre religiøse, intellektuelle og litterære. Dei var også personlege. Magnus var gift med den danske prinsessa Ingeborg. Magnus si søster Kristina gifta seg med ein prins frå Castilla, som var eit av få europeiske kongerike med ei riksdekkande lov. Magnus sin son Eirik gifta seg med Margaret, dotter av den skotske kongen. Det var krig mellom Noreg og Skottland då Magnus blei konge, men Magnus sikra fred ved å gi opp det norske kravet på Hebridane og Isle of Man. Freden gjorde det mogleg at Eirik og Margaret kunne gifte seg, og ekteskapsalliansen er skildra i den store skotske Lanercost-krønika. Krønika nemner òg at Magnus Lagabøte var glad i fransiskanarane, og viser at han var anerkjend som ein konge av europeisk kaliber.

## 7.7 Lanercost-krønika

Denne skotske krønika dokumenterer det nære forholdet Magnus Lagabøte hadde til den fransiskanske munkeordenen.

*Lanercost-krønika* tar for seg dei skotske kongane på slutten av 1200-talet, og i ein passasje om ein ekteskapsallianse mellom Noreg og Skottland får vi høyre om at Magnus hadde stor sans for fransiskanske skular og fransiskansk teologi. Det er altså historia om kor mykje ein norsk konge heldt av ein italiensk helgen, formidla i ei skotsk krønike. *Lanercost-krønika* er ei påminning om kor samanvove Europa var i mellomalderen, og om at Noreg var ein del av denne veven.

*Lanercost-krønika* (BL Cotton MS Claudius D. vii.). Opphav: Skottland, 1300–1350. Eigar: British Library, Storbritannia.

## 7.8 Kongsspegelen

*Kongsspegelen* er kanskje den mest originale og mangearta teksten som blei skriven i Noreg i mellomalderen. Han er både ei opplæring i geografi, politikk og hoffkultur og ei filosofisk avhandling om korleis ein kan styre eit kongerike på ein rettferdig måte.

*Kongsspegelen* blei skriven i første halvdel av 1200-talet, og det er ikkje umogleg at han var ein del av utdanninga Magnus fekk. Boka som er vist her, er ein nyare kopi som blei skriven på Island rundt 1450. Teksten på dette oppslaget fortel at ein kan avseie rettferdige domar ved å finne balansen mellom dei fire metaforiske døtrene til Gud: miskunn, sanning, fred og rettvis. Nøyaktig den same passasjen finn vi i Landslova. Kanskje hadde *Kongsspegelen* gjort inntrykk på den unge Magnus?

*Kongsspegelen* (Isl. perg. 14 4°). Opphav: Island, ca. 1450. Eigar: Kungliga biblioteket, Sverige.

## 8 Arven etter Landslova

Heilt frå starten hadde Landslova direkte innverknad på livet til vanlege menneske i Noreg – ho var ikkje berre eit uttrykk for livsfjern kongeleg ideologi. At Landslova så raskt blei brukt til å løyse små og store konflikter, tyder på at det var lite motstand mot den nye lova i befolkninga. Landslova var både ei riksdekkande lov forankra i lærd rettsvitenskap og ei lov som blei brukt i det daglege. Dette gjorde Landslova til noko heilt spesielt i Europa i mellomalderen.

Landslova blei ein del av den norske politiske identiteten. Då Noreg på 1300- og 1400-talet var i union med både Danmark og Sverige, oppheldt kongen seg utanfor riket, og administrasjonen hans bestod i aukande grad av utanlandske menn. I ei tid då makta var så langt unna, blei det å bevare den gamle lova eit viktig politisk prosjekt for både bøndene og aristokratiet i Noreg. Den ein gong så nye og radikale Landslova var no blitt eit viktig symbol på det gamle og tradisjonelle.

## 8.1 Lova for alle

Landslova forma livet til vanlege menneske i Noreg i meir enn 400 år. I staden for å gi all makt til kongelege dommarar og embetsmenn sikra Landslova vanlege folk ei stemme i det rettslege og politiske livet. Slik la lova eit grunnlag for det demokratiske systemet vi har i dag. Samanlikna med andre lover frå mellomalderen skil Landslova også i liten grad mellom høg og låg. I prinsippet var alle like for lova, men då som no kunne både rikdom og politiske band påverke kva handlingsrom ein hadde. Desse verdiane i Landslova er truleg noko av grunnen til den høge graden av tillit til styresmakter og domstolar i Noreg i dag – og til at nordmenn flest knyter lov og rett til fred og rettferd, ikkje til maktmisbruk og korrupsjon.

Samtidig er tillit eit tviægga sverd. Høg tillit legg til rette for eit samfunn der folk føler seg trygge og følger lover og reglar. Men tillit til styresmaktene kan òg tilsløre urettferd og maktmisbruk. Har dei mektige fortent høg tillit frå nordmenn?

## 8.2 Ei rettssak frå Bergen

Så snart ho blei vedtatt, blei Landslova tatt i bruk. Saka i domsbrevet her handlar om tenesteguten Olav, som blei skulda for aktlaust drap fordi ei dame døydde medan han leidde ho på hest over ei elv. Saka var vanskeleg fordi ho rørte ved nokre av dei mest sentrale spørsmåla i Landslova: Kva hadde det å seie at noko hadde skjedd ved eit uhell? Kva var eigentleg ein rettferdig dom? Domen blei avsagd av lagmannen til kongen (det som den gongen var domaren) i Bergen, men fordi denne saka var så kinkig, rådslo lagmannen med nokre av dei mektigaste mennene i riket. Olav blei til slutt frikjend for drap.

Domsbrev frå Bergen. Opphav: Noreg, 1329. Eigar: Bergen universitetsbibliotek, Noreg.

## 8.3 Ei rettssak frå Tønsberg

*Denne saka er avslutninga på ein lang og kompleks eigedomstvist mellom to søstrer på den eine sida og eit ektepar på den andre. Begge partane kravde eigarskap til ein bygning i Tønsberg.*

Til slutt var det ekteparet Tore og Sigrid som vann saka og dermed retten til bygarden, men under føresetnad av at Tore reiste på pilegrimsferd. Dette verkar framandt for oss i dag, men her ser vi altså korleis daglegdagse spørsmål om praktiske ting kunne involvere både det rettslege og det religiøse. Lova og kristendomen hadde saman skapt eit nytt samfunn.

Domsbrev frå Tønsberg. Opphav: Noreg, 1397. Eigar: Arkivverket, Noreg.

#### 8.4 Tinget hyllar kongen

Landslova sette kongen i sentrum for både politikk og rettssystem. Likevel var det framleis viktig at undersåttane til kongen fekk gi samtykke til viktige avgjerder, om så berre for syns skuld. I dette storslåtte brevet gir bønder og byfolk i Noreg samtykke til at kong Håkon 6. kunne tiltre som konge i 1344. Dette viser at sjølv om Landslova erstatta dei gamle norske lovene, som Gulatingslova, erstatta ho ikkje tinga. Bøndene frå Gulatinget var med på å forsegle brevet, så dei



store regionale tinga blei verande viktige plassar for lov, rett og politikk også etter at Landslova var innført.

Hyllingsbrev til Håkon 6. Opphav: Noreg, 1344. Eigar: Arkivverket, Noreg.

**Utstillinga er laga av Nasjonalbiblioteket med verdifulle lån frå ei rekkje institusjonar og med medverking frå eksterne samarbeidspartnarar. Stor takk til dykk alle!**

Fagansvarlege

Jørn Øyrehagen Sunde og Ole-Albert Rønning Nordby

Utstillingsdesign

Nissen Richards Studio

Trykk

Konsis

Utstillingsnekker

Tømrer Petter Halvorsen

Lys

Light Bureau

Steinhodet av Magnus Lagabøte

Bygghytta ved Nidaros Domkirkes Restaureringsarbeider

Lydkulisse

Consortium Vocale Oslo Graces & Voices: Spor 9–16,

Buckfast Abbey Choir: «Vox clara ecce intonate» frå

Gregorian Chant: Music of Paradise, Priory Records

Innlånte dokument frå:

Arkivverket

The British Library

Det Kgl. Bibliotek

Kungliga biblioteket

Universitetsbiblioteket i Bergen

Universitetsbiblioteket i Lund

Universitetsbiblioteket i Uppsala

Er du meir nysgjerrig på Landslova og på korleis ho har forma Noreg, frå mellomalderen og fram til i dag? Lytt til den nye podkasten til Nasjonalbiblioteket Dømt - skjebner fra middelalderen:

